



Lindås kommune, rådmannen.
Rådhuset -Kvernhusmyrane 41
5100 ISDALSTØ

Særutskrift av sak 2 frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet (SU/SKMU) ved Myking skule 15.11.16.

Uttale til høyring - framlegg til forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2017-18

Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Myking skule (SU/SKMU) har handsama høyringa av framlegg til forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage for skuleåret 2017-18.

VEDTAK:

SU/SKMU sluttar seg til følgjande innspel frå skulen sitt undervisningspersonale, FAU og rektor:

Undervisningspersonalet peikar på at første og siste skuledag i skuleåret er lagt til onsdagar – som ikkje er skuledagar for småskulesteget ved Myking skule. Skulen ser det som ein fordel om alle elevane kan starta og avslutta skuleåret i fellesskap.

Dei to «inneklemde» skuledagane måndag 30. april og fredag 11. mai bør vurderast å bli opparbeida gjennom å gå ein dag lenger til jul og sommarferien. Erfaringsmessig vert det mange som søker fri slike dagar, og kommunen bør ikkje leggja opp til at elevar misser skuledagar av di skuleruta tek i bruk inneklemde enkeltdagar. Desse to skuledagane kan t.d. flyttast til torsdag 21. desember og torsdag 21. juni.

Elles meiner ein at skuleslutt før jule- og sommarferien må samordnast med skuleskyssen slik at skular som sluttar tidlegare slepp å måtta betala ekstra skuleskyss av eige budsjett. FAU ved Myking skule støttar dette og meiner også at det kan vera vanskeleg for mange foreldre at skulen har kort dag siste skuledag før jule og sommarferien.

Rett utskrift 23.11.2016

Nils Kvalvågnes
(referent for SU/SKMU)